



Sak nr 36/2010

Møtedato: 25.8.10

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: F 129

## **F129, Kvitehaugen – søknad om inngjerding**

Statskog ber om uttale til søknad frå Arild Røyne om inngjerding av 500 m<sup>2</sup> rundt feste 129 i hyttefeltet ved Kvitehaugen. Bakgrunn for søknaden er endringar i beitedyrsamansetninga i området, og med det større ulemper for hyttefestarane.

I sak 53/2000 har fjellstyret tilrådd at det berre skal gjevast dispensasjon for mindre inngjerdingar t.d. uteplass/inngangsparti for hytter som ligg i hyttefelt. Bakgrunnen for at det ikkje bør gjerast inn større areal i hyttefelt, er at ferdsel for folk og dyr ikkje skal bli hindra.

### **Vedtak:**

Fjellstyret kan ikkje tilråda at det blir gjerda inn 500 m<sup>2</sup> kring hyttene i hyttefelt, men ein har ingen merknader til at festaren får gjerda inn eit mindre område i samsvar med fjellstyrevedtak 53/2000.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 31.9.10

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Statskog